



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 31.05.2016

Sak nr.: 15/10125-29
Internt I.nr. 18549/16

Sak: 56/16

Tittel: **Endring i forskrift om hausting av tang og tare**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er ei økosystembasert forvalting.
2. Vi ber om at Fiskeridirektoratet prioriterer å få fram kunnskap for ei framtidsretta forvalting av tareressursane. Vi treng meir kunnskap om biomassen av stortare i fylket og konsekvensar for økosystemet ved hausting kvart 5. år. Dette for at vi i framtida kan legge opp til ei forsvarleg forvalting og å sikre ei berekraftig hausting.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet om :
 - a. Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise digitale kartløysingar med lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta.
 - b. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime
 - c. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om at området utefor Grotle gamle kyrkjegard vert stengt for tarehausting og at dette vert teke inn i ny forskrift.
4. Fylkeskommunen gjer framlegg om å vidareføre dei ni stengde fugleområda i ny forskrift, med etterhald om oppdatering av fugleteljingar i desse områda i løpet av dei neste fem åra.
5. Fylkeskommunen tilrår å oppretthalde den eksisterande grensa i Bremangerpollen, føresett at det vert forska på verknader av hausting i dette området: Oppvekstvilkår for fisk, fiskebestand og fangstmengd for nærfiske i Bremangerpollen.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune håpar at ein ved neste revisjon av forskrifa har meir kunnskap som gjer det mogeleg å gjere ei fagleg vurdering av haustingregimet av tare.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til nytt pkt. 3 d.:

Fylkeskommunen er uroa for erosjonsskadar på strekninga Drage – Indre Fure. Ein ber om at erosjonskonsekvensane på denne strekka vert ytterlegare vurdert før området vert vidareført som trålingsområde.

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 5:

Fylkeskommunen følgjer i hovudsak kommunane sine høyningsinnspele. I Bremangerpollen blir det frå Fiskeridirektoratet og Havforskingsinstituttet ikkje argumentert med at det finst fagleg grunngjeving for å utvide vernesona. Fylkeskommunen vil likevel be om at Fiskeridirektoratet av almennpreventive omsyn følgjer Bremanger kommune sine tilrådingar.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedteke

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå fylkesdirektøren og hovudutvalet sitt endringsframlegg til punkt 5. Hovudutvalet sitt framlegg til eit nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedtekne endringar i punkt 3d og punkt 5 vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er ei økosystembasert forvalting.
2. Vi ber om at Fiskeridirektoratet prioriterer å få fram kunnskap for ei framtidssretta forvalting av tareressursane. Vi treng meir kunnskap om biomassen av stortare i fylket og konsekvensar for økosystemet ved hausting kvart 5. år. Dette for at vi i framtida kan legge opp til ei forsvarleg forvalting og å sikre ei berekraftig hausting.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet om :
 - a. Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise digitale kartløysingar med lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta.
 - b. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime
 - c. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om at området utafor Grotle gamle kyrkjegard vert stengt for tarehausting og at dette vert teke inn i ny forskrift.
- d. Fylkeskommunen er uroa for erosjonsskadar på strekninga Drage – Indre Fure. Ein ber om at erosjonskonsekvensane på denne strekka vert ytterlegare vurdert før området vert vidareført som trålingsområde.
4. Fylkeskommunen gjer framlegg om å vidareføre dei ni stengde fugleområda i ny forskrift, med etterhald om oppdatering av fugleteljingar i desse områda i løpet av dei neste fem åra.
5. Fylkeskommunen følgjer i hovudsak kommunane sine høyningsinnspele. I Bremangerpollen blir det frå Fiskeridirektoratet og Havforskingsinstituttet ikkje argumentert med at det finst fagleg grunngjeving for å utvide vernesona. Fylkeskommunen vil likevel be om at Fiskeridirektoratet av almennpreventive omsyn følgjer Bremanger kommune sine tilrådingar.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune håpar at ein ved neste revisjon av forskrifter har meir kunnskap som gjer det mogeleg å gjere ei fagleg vurdering av haustingregimet av tare.

